

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Hari Slaga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandvik

Bygdelag: Revnestrand

Gard: Slaga

G.nr. 105 Br.nr. 2093

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## I.

1. Det ein før i tida vor til mannskler trøya, vest og bukse, var vendavadmål. Ein kunde veva det kvitt og farga det mørkeblått, det var mest bruke til bestkles. Men ein vor også av grått garn, det vart då berre stampa og ein spara letinga. Grått vadsmål var mest bruke til gutekles, men også til vaksne, då mest til bukser.

Vendavadmål vor ein på fire skaft og fire trøer. Hovlinga gjevt frå høgre til vinstre med fyrste tråden i atterste hovelda på atterste skaftet. Trøene batt ein etter kvarandre med trøa til vinstre i fremste skaft, den høgre trøa vart då i atterste skaft. Ein trødde med to trøer kvar gong, frå vinstre til høgre.

2. Stoffet til kjolar var stringvadsmål. Dei fleste bruke å farga det mørkeblått men sume hadde det svart. Ein vor det på fire skaft med

2 tröer. Hovlinga var likeins som til vend. Ein batt første og tredje skaff til vinstre trå, og andre og fjerde skaff til høgre trå, og tridds ned i trå om gangen.

3. a) Ein bruka både kvitt og grått vendavadnål til underbukser for menn. Til sjorter hadde dei grått eller blått strengvadnål. Dei bruka og stry-sjorter. Seinare var ein bomullsvever på vend til karasjorter.

b) Kvinnene bruka kvitt, men mest grått strengvadnål til bukser. Seinare av heimevove vendalerret. Til understakkar vart strengvadnål farga rautt, blått eller grønt.

Summe var stoff til understakkar med bomulls varp, og veft av ymse fargar ullgarn vove i runder.

Ein var det gjerne på vend, men med lette slag i vevinga, og det skulde ikkje stampast, berre vaskast, for å virka mjukt og fint.

Dette tøyet kalla dei "stoff".

4-5. I eldre tid hadde dei strylerret til høyendsvør. Seinare var ein bomullslerret til høyendsvør og laken. Ein har ikkje kjenskap til heimevovne sengetepper, berre kjøpte sprui. Då det kom i bruk å ha stoppa over dyner var dei var til desse av farga ullgarn til både varp og veft. Ein var det i ruter med øtte

3  
trådar i ruta. Svart og rautt var  
mykje bruka, men også blått og rautt  
og ymse andre fargar. Seinare vov  
ein dynevør av bomullsgarn, mest  
i kvitt og rautt. Dette var alt i strengvevna.

6. Dei heimevorne bordukar ein har  
sett frå eldre tid var av lin i dreilsv-  
evna, og av stuy i vanleg strengvevna.

7. Handklæa dei hadde før var av  
stuylerret, seinare av heimevove  
bomullserret i strengvevna.

8. Før vov ein frå gardane det ein  
trong av sengekler. Det var berre  
kvitlar og åkle som var bruka då.  
Kvitlane var alltid vorne i vevd  
Ein bruka å ha dei anten berre  
kvite, eller med grå eller svarte  
render, eller med store ruter i  
kvitt og grått eller kvitt og svart.

Åklla var to slags, smettåkle  
og kroka åkle. Du vart vorne i  
opstøggogner begge laga.

Til smettvevnaden hadde dei mønster  
som åttablarose, seksblarose og  
valknuta.

Dei namn ein kan hugsa ha høyrte frå  
vevmåtare som var bruka her er vevd,  
steng og dreilsvvevna.

II. Av namn frå border som var  
bruka til dømes i kroka åkle kan

4  
sin hugsa var brukta: krokarånd,  
åttatalrånd, stolparånd, krosserånd,  
brigdarånd, (den kaller dei no lynbord.)  
taggarånd

7 smittaklea var monstera mest  
seksbla rosa, åttabla rosa og valknuta.

Gåtor. (Bygdadialekt.)

Litt om litt - jant å litt -  
da takst ta deg  
å lægst på meg,  
te meira du magrast  
te fuitare verte eg.

Låysinga: "Presten" (varpullen) og  
"klakkaren" (stoffullen) i veven.

Ut å idu - alt han vidu -  
bort å litt - bratt å litt -  
tjukkaste mittepå -  
rompro drag han ittepå.  
Låysing: Skutlen med spolen.